



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsvegen 3273, Rysstad
Sandsvegen 122, Sand
Kommunehuset, Tonstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
sfagpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyret.no/svr>

NTL NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar Alf Odden

Vår ref. 2025/5629-3 432.2

Dykkar ref.

Dato 28.05.2025

Uttale til Statkraft Energi sin førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frافjordheiane handsama uttalen i styremøte 27.05.2025. Eit samla verneområdestyre stiller seg bak uttalen.

Uttalen innleiest med eit samandrag, mens fleire detaljer kjem under overskriftene saksopplysninger og vurdering.

Med helsing

Alf Odden
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Landskapsvernområde	Dyraheio, Frافjordheiane, Hovden, Kvanndalen, Lusaheia, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, Vormedalsheia
Naturreservat	Hisdal, Lislevatn, Ljosådal, Migaren, Nordraheia, Vidmyr, Ørestø, Øyastøl
Biotopvernområde	Holmavassåno, Steinbuskardet-Hisdalen



Samadrag - uttale

Verneområdestyret for SVR vil tilrå at NVE ikkje innvilgar Statkraft Energi sin førespurnad om fritak frå ny konsesjonsbehandling. Kunnskapen om konsekvensane av auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk mangelfull og usikker, og prosjektet kan medføre stor skade og ulempe for allmenne interesser knyt til villreinstamma i område. I dag ligg det ikkje føre eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere tiltakets innverknad på isen på Blåsjø eller korleis villreinens bruk av isdekket blir påverka. Det er planar om mange pumpekraftverk i Setesdal Ryfylke villreinområde, og det er nødvendig med eit solid kunnskapsgrunnlag og ei samla vurdering av konsekvensane dette vil ha for villreinen.

Verneområdestyret for SVR viser til Statkraft Energi sin førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk frå 14.03.2025. Det visast og til NVE sitt høyringsbrev frå 20.03.2025.

Auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk vil mellom anna påverke Blåsjømagasinet. Blåsjø omfattar ikkje verna areal, men grenser opp til Dyråheio landskapsvernområde, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og Steinbuskardet-Hisdal biotopvernområde, kor Verneområdestyret for SVR har forvaltningsmynde. Alle desse verneområda har ivaretaking av villreinens leveområde som ein del av verneføremålet. Verneområdestyret vil derfor i sin uttale i hovudsak ta føre seg tiltakets moglege konsekvensar for villreinens bruk av isen på Blåsjø som trekkveg.

Villreinens bruk av isen på Blåsjø er omfattande. På bakgrunn av verneområdeforvaltar sine analyser av data frå www.dyreposisjoner.no for perioden 2007-2025, har 41 GPS-merka dyr vore ute på isen og har til saman gjennomført 218 iskryssingar i tidsrommet 1. desember – 26. juni. Nesten alle iskryssingane skjedde i tidsrommet 20. desember - 20. april. Dette omfattar både kryssingar på tvers av dei to store delmagasina i Blåsjø og kryssingar ut for å beite på dei mange små og store øyane i magasinet.

Isen på Blåsjø legg seg normalt seint i desember. Isen vil normalt ligge til ut i juli, men villreinen avsluttar sin bruk av isflata mykje tidlegare. Dette skyldast truleg at oppfyllinga av magasinet normalt tek til i april og at den stigande vasstanden skaper opne råker langs land. Villreinens bruk av isen på Blåsjø er alt i dag lågare enn ein vil finne på eit uregulert vatn i same høgdelag. Isen legg seg seint og blir utilgjengeleg utpå våren. I tillegg vil det oppstå sprekkar langs land som vil hindre villreinen i å komme ut på isen der terrenget er bratt. Likevel er ikkje situasjonen verre enn at villreinen har ein omfattande bruk av isen store delar av vinteren.

Fram til i dag har kapasiteten til å pumpe vatn til Blåsjø vore avgrensa, samstundes som denne moglegheita har vore brukt i eit relativt lite omfang. For alle vintrane i perioden 1986-2025, er det til saman berre registrert 32 døgn kor pumping og/eller naturleg tilsig har medført at vasstanden i Blåsjø har auka meir enn 25 cm i døgnet.

Det er derfor grunn til å tru at pumpinga til Blåsjø, ikkje i særleg grad har forverra istilhøva ytterlegare og såleis påverka villreinens moglegheit til å bruke isen.



Situasjonen vi har hatt i Blåsjø sidan 1986 vil uansett endre seg framover. Tilsiget er venta å auke noko og produksjonen i Saurdal kraftverk vil i større grad blir tilpassa svingingane i kraftmarknaden. I praksis vil dette bety at pumpinga til Blåsjø vil auke i frekvens og omfang samanlikna med åra 1986-2025 sjølv om pumpekapasiteten ikkje blir auka.

I følgje Statkraft sine modellar og simuleringar, vil talet på døgn der ein nyttar full pumpekapasitet auke frå om lag ein gong pr åttande vinter til om lag 20 døgn pr vinter. Samstundes vil talet på døgn med vasstandsauke i Blåsjø på meir enn 25 cm, auke frå om lag eit døgn kvar vinter til om lag 4-5 døgn pr vinter.

Dersom pumpekapasiteten i Saurdal kraftverk fordoblast, viser Statkraft sine modellar og simuleringar at ein ved bruk av full pumpekapasitet over eit døgn, vil kunne heve vasstanden i Blåsjø med 15-19 cm, når vasstanden i Blåsjø er på normalnivå (1035-1045 moh). Vidare vil det i følgje Statkraft være aktuelt å bruke full (og dubla) pumpekapasitet i Saurdal kraftverk 8-10 døgn pr vinter. Dette vil medføre at talet på døgn med ein vasstandsauke i Blåsjø på meir enn 25 cm vil ligge på 10-11 kvar vinter, da som ein kombinasjon av pumping og naturleg tilsig. Ved eit normalt vasstandsnivå i Blåsjø (1035-1045 moh) vil ikkje pumping aleine kunne heve vasstanden med 25 cm i døgnet. Statkraft opplyser vidare at pumping til Blåsjø vanlegvis vil skje samanhengane i 1-2 døgn, men lengre periodar kan førekome. Ved normalt vasstandsnivå i Blåsjø, vil ein med bruk av full pumpekapasitet og eit visst naturleg tilsig, anslagsvis kunne heve vasstanden i Blåsjø med 50-70 cm om det pumpast samanhengande i to døgn. Ved samanhengane pumping i 4 døgn vil ein anslagsvis kunne få ein vasstandsheving på 1-1.4 m. I år kor vasstanden i Blåsjø er under normalnivå vil vasstandshevingane pr døgn bli ennå større. Her er det snakk om vasstandshevingar som kan skape opne råker langs land og hindre villreinens bruk av isflata.

Statkraft understrekar at modellane og simuleringane for den framtidige situasjonen er usikre, og vil endre seg med endringane i kraftmarknaden. Det er derfor mogleg å sjå føre seg pumperegimer som gir større vasstandshevingar i Blåsjø enn i dei simuleringane Statkraft har lagt fram.

I tillegg til usikkerheita knyt til korleis vasstanden i Blåsjø vil endre seg, manglar ein og mykje kunnskap om korleis desse vasstandsendingane vil påverke isen. Før denne kunnskapen er på plass vil det og være uråd å gjere sikre vurderingar av korleis villreinens bruk av isen blir påverka. Det er og viktig å ha eit langsiktig perspektiv som tek omsyn tek omsyn til auka naturleg tilsig om vinteren. Villreinen skal og kunne bruke isen på Blåsjø om 100 år.

I Statkraft sin førespurnad hevder Sweco at: *«For Blåsjømagasinet generelt vil vannstandsvariasjonene være marginale og for små til å kunne påvirke isen utover dagens situasjon. Villreinens funksjonelle trekk over Blåsjømagasinet vinterstid vil derfor ikke bli påvirket av dette».*

Dette er ein konklusjon det ikkje er grunnlag for å trekke på bakgrunn av det spinkle kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for Statkraft sin førespurnad. Ut frå den kunnskapen ein har i dag vil det være meir riktig å si at ein ikkje kan utelukke at Blåsjø blir eit vandringshinder for villreinen om vinteren dersom Statkraft sitt prosjekt blir gjennomført.

Den samla belastninga på Setesdal Ryfylke villreinområde alt i dag svært høg. Dette gjeld særleg inngrep frå tidlegare kraftutbygging kor etableringa av mange høgfjellsmagasin har demd ned viktige trekkvegar. I klassifiseringa etter kvalitetsnormen fekk villreinområde derfor status som «ikkje godkjent» og villreinstamma har slitt med tilveksten dei siste åra. Om dei store høgfjellsmagasina nå skal utnyttast i samband med pumpekraftverk, er det ein risiko for at dei også vil utgjere



trekkbarrierar om vinteren. Dette vil i så fall forverre ein allereie vanskeleg situasjon for villreinen og kunne ha katastrofale følgjer for villreinstamma.

Sett i lys av den store samla belastninga, og at det er planlagt fleire nye pumpekraftverk sentralt i villreinområde, blir det heilt nødvendig å få på plass sikker kunnskap om både korleis isen på høgfjellsmagasina blir påverka og korleis dette verker inn på villreinens bruk av isen. Det må være ein svært høg terskel for å tillate tiltak som gjer den vanskelege situasjonen for villreinen ennå verre. Og før nødvendig kunnskap er på plass, må det ikkje opnast opp for tiltak som potensielt kan forverre tilhøva for villreinen i Setesdal Ryfylke villreinområde.

Det visast til saksutgreiinga under for utdjupande opplysningar og for ei oversikt over aktuelle tema for nødvendig kunnskapsinnhenting.

Saksopplysninger

Bakgrunn for uttalen

Alle dokument i saka, inkludert uttaler frå andre partar kan lesast her på lenka til NVE sine nettsider: [Konsesjonssak - NVE](#)

Statkraft Energi har planar om å auke pumpekapasiteten i Saurdal kraftverk i Suldal kommune med 50 eller 100%, og sendte 14.03.2025 ein førespurnad til NVE om vurdering av konsesjonsfritak. NVE sendte saken ut på høyring 20.03.2025 med frist for uttale sett til 15.05.2025. SVR har fått utsett frist til 29.05.2025. Verneområdeforvaltar har bedt om tilleggsopplysningar frå Statkraft, og har fått tilsendt to utdjupande notat 11.04.2025 (revidert utgåve 06.05.2025) og 06.05.2025. Verneområdeforvaltar har og hatt møte med Statkraft 23.04.2025 og har ved fleire høve fått supplerande opplysningar på e-post.

Statkraft ønskjer å samordne dette prosjektet med dei pågåande arbeida i Saurdal-Blåsjø vassveg. Dette for å unngå ytterlegare nedstenging av store delar av kraftproduksjonen frå Ulla-Førre anlegga. Om ei slik samordning skal være mogleg må Statkraft ha eit positivt svar på sin førespurnad i løpet av 2025.

Statkraft opplyser at prosjektet har potensial for å kunne være eit av dei raskast realiserbare tiltaka som ytterlegare kan bidra i møte med den stadig aukande etterspurnaden av effekt, balansering og fleksibilitet i kraftsystemet.

Dobling av pumpekapasiteten i Saurdal kraft er berekna til å medføre ein reduksjon i årleg nettoproduksjon på 119 GWh i 2035, men når meir vatn kan pumpast til Blåsjø kan produksjonen i større grad rettast mot tidspunkt når behovet er størst i kraftmarknaden.

Dagens situasjon (1986-2024)

Saurdal kraftverk har i dag fire aggregat kvar med ein installert effekt på 160 MV. To av desse er reversible og kan pumpe vatn frå Lauvastølsvatnet og Sandsa (600 moh) opp til Blåsjø (1055 moh).

For perioden 1986-2024 har pumping til Blåsjø i all hovudsak føregått i korte periodar på nokre timar om ein ser på situasjonen om vinteren (01.12-15.04), som er tidsrommet villreinen nyttar isen på Blåsjø som trekkveg. Sidan Saurdal kraftverk kom i drift er det berre registrert 5 døgn kor full



pumpekapasitet er brukt over ein samanhengande periode på eit døgn, og 8 døgn kor ein mindre del av pumpekapasiteten er brukt i meir enn eit døgn.

Slik situasjonen er i dag vil ein ved bruk av full pumpekapasitet i Saurdal kraftverk over eit døgn, kunne heve vasstanden i Blåsjø med 8-10 cm når vasstanden i Blåsjø er på normalnivå (1035-1045 moh). Om nivået i Blåsjø er lågt gjennom vinteren (under 1000 moh) vil pumping har større effekt og kan heve vasstanden med om lag 30 cm i døgnet. Etter 1986 er det registrert 5 år kor vasstanden i Blåsjø har vore lågare enn 1020 moh om vinteren og i eit av desse (2011) var vasstanden under 1000 moh.


Pumping er ikkje den einaste faktoren som påverkar vasstanden i Blåsjø gjennom vinteren. Naturleg tilsig vil og spele inn, og det er den samla effekten av desse to faktorane som avgjer om vasstanden kan stige så mykje at det blir danna råker langs land.

Perioden som omfattar vintrane (01.12-15.04) frå 1986 til 2025 består av 5265 døgn. Innan denne perioden er det til saman registrert 32 døgn med ein auke av vasstanden i Blåsjø med 25 cm eller meir. Til saman 19 av desse døgna skyldast berre naturleg tilsig, mens 13 skyldast ein kombinasjon av pumping og naturleg tilsig. Til saman 19 av desse døgna var i 2011 da vasstanden i Blåsjø var uvanleg låg (980 moh), og effekten av pumping og naturleg tilsig var langt større enn ved normale vasstandsnivå.

For å oppsummere har det for perioden 1986-2024 vore svært få døgn kor kombinasjonen av pumping og naturleg tilsig har gitt ein vasstandsheving i Blåsjø på 25 cm eller meir. I ein normalsituasjon der Blåsjø har eit nivå mellom 1035 og 1045 moh er det berre registrert 5 slike døgn for heile perioden.

Villreinens bruk av isen på Blåsjø (2007-2025)

Områda rundt Blåsjø inngår, etter kartgrunnlaget for kvalitetsnormen, i vinterbeiteområde for villreinstamma i Setesdal Ryfylke. Registreringar av GPS-merka dyr frå perioden 2007-2024 viser og ein omfattande bruk for vintermånadane (desember-april). Blåsjø stekk seg 15 km frå Storevassdammen i sør til Skreivatnet i nord. Å kunne krysse isen på Blåsjø er svært viktig om dyra skal kunne utnytte mest mogleg av dei avgrensa vinterbeiteressursane i Setesdal Ryfylke villreinområde.




Kart over villreinens bruk av områda rundt Blåsjø i vintermånadane (desember-april) for perioden 2007-2024.

Isen på Blåsjø legg seg i løpet av desember. Normalt ser islegginga ut til å skje relativt seint i månaden ettersom det knapt har vore GPS-merka villrein ute på isen før 20. desember. Isen på Blåsjø vil normalt ligge til ut i juli, men villreinen avsluttar sin bruk av isflata innan 20. april. I mai og juni er det knapt registrert kryssingar av isen. Dette skyldast truleg at oppfyllinga av magasinet normalt tek til i april og at den stigande vasstanden skaper opne råker langs land. I mai er simlene lenger aust for å kalve, men bukkane er framleis i område ved Blåsjø.

Villreinens bruk av isen på Blåsjø vil truleg være markert redusert samanlikna med eit uregulert vatn i same høgdelag. Isen legg seg seint og blir utilgjengeleg på våren. I tillegg vil det oppstå sprekkar langs land som vil hindre villreinen i å komme ut på isen der terrenget er bratt. Likevel er ikkje situasjonen verre enn at villreinen har ein omfattande bruk av isen store delar av vinteren. I om lag halvparten av åra har vasstanden i Blåsjø blitt senka mindre enn 10 m gjennom vinteren noko som reduserer problema knyt til sprekkdanning. Det finns og mange slake område rundt Blåsjø kor sprekkdanninga uansett blir avgrensa og gjer det mogleg for villreinen å komme ut på isen.

For perioden 2007-2025 har til saman 41 GPS-merka villrein gjennomført til saman 218 iskryssingar innanfor tidsrommet 5. desember – 26. juni. Heile 205 av desse iskryssingane har skjedd mellom 20. desember og 20. april, og viser at villreinen i praksis berre brukar isen på Blåsjø ein periode på 4 månader om vinteren.



Oversiktskart fra www.dyreposisjoner.no som viser hovudtrekka over Blåsjø i tidsrommet 20. desember – 20. april for perioden 2007-2025.

Villreinen brukar isen både til lange kryssingar på tvers av dei to delmagasina i Blåsjø og til kortare kryssingar ut til og mellom dei mange øyane i magasinet. I praksis vil ofte i lang iskryssing gå via ei eller fleire øyer kor dyra er innom for å beite.

Den mest brukte iskryssinga over Blåsjø er mellom områda ved Vassdalstjørn og Åbogen på austbreidda og områda ved Undeknuten på vestbreidda. Denne kryssinga går via Simlenuten og Trettheddernuten som nå er øyer i magasinet. Andre mykje bruka iskryssingar går over Skreivatnet frå områda mellom Vassdalstjørn og Skeinuten over til Høgaloft, og mellom Undeknuten og Høgsløft over Oddatjørn. I same kategori er kryssingane over Andrevatnet, Tredjevatnet og Førrevatnet i vestre delmagasin, og kryssingane sør i austre delmagasin mellom områda ved Åbogen og Grasdaltjørn i aust og Storsteinsheia i vest. Det er og registrert fleire kryssingar av Suldal-Krynlevatn.



Bruken av isen på magasinet var størst i mars og april, og talet på kryssingar fordeler seg slik gjennom sesongen med is:

	Des	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Sum
GPS-dyr	6	7	5	10	10	2	1	41
Kryssing	32	30	28	58	63	5	2	218

Framtidig situasjon

Statkraft Energi har planar om å erstatte det eine eller begge aggregata utan pumpekapasitet. Dagens pumpekapasitet på 320 MV vil såleis blir auka til 480 MV eller 640 MV. Alle utrekningane som følgjar tek utgangspunkt i ein dobling av pumpekapasiteten.

Situasjonen vi har hatt i Blåsjø sidan 1986 vil uansett endre seg framover. Tilsiget er venta å auke, og særleg om vinteren. Kanskje med så mykje som 10% etter 2050. Da vil meir vatn bli tilgjengeleg for pumping frå Lauvastølsvatnet og Sandsa samstundes som det naturlege tilsiget til Blåsjø og vil auke. I tillegg må ein forvente at produksjonen i Saurdal kraftverk i større grad blir tilpassa svingingane i kraftmarknaden. I praksis vil dette bety at pumpinga til Blåsjø vil auke i frekvens og omfang samanlikna med åra 1986-2025, sjølv om pumpekapasiteten i Saurdal kraftverk ikkje blir auka. I følgje Statkraft sine modellar og simuleringar vil talet på døgn der ein nyttar full pumpekapasitet auke frå om lag ein gong pr åttande vinter til om lag 20 døgn pr vinter. Samstundes vil talet på døgn med vasstandsauke i Blåsjø på meir enn 25 cm, auke frå om lag eit døgn kvar vinter til om lag 4-5 døgn pr vinter.

Dersom pumpekapasiteten i Saurdal kraftverk fordoblast, viser Statkraft sine modellar og berekningar at ein gjennom bruk av full pumpekapasitet over eit døgn vil kunne heve vasstanden i Blåsjø med 15-19 cm når vasstanden i Blåsjø er på normalnivå (1035-1045 moh). Om nivået i Blåsjø er svært lågt gjennom vinteren (under 1000 moh) vil pumping har større effekt og kan heve vasstanden med om lag 60 cm i døgnet. Vasstandsheving som skyldast naturleg tilsig vil komme i tillegg.

Vidare vil det i følgje Statkraft være aktuelt å bruke full (og dobla) pumpekapasitet i Saurdal kraftverk 8-10 døgn pr vinter, samt at det brukast over halv pumpekapasitet 11-12 døgn i tillegg. Dette vil, og i følgje Statkraft, medføre at talet på døgn med ein vasstandsauke i Blåsjø på meir enn 25 cm vil ligge på 10-11 kvar vinter. Statkraft opplysar vidare at pumping til Blåsjø vanlegvis vil skje samanhengane i 1-2 døgn, men simuleringane viser og periodar med samanhengane pumping i opp til 13 døgn. I dei aller fleste av desse døgn vil vasstandsauken skyldast ein kombinasjon av pumping og naturleg tilsig. Ved eit normalt vasstandsnivå i Blåsjø (1035-1045 moh) vil ikkje pumping aleine kunne heve vasstanden med 25 cm i døgnet. Ved normalt vasstandsnivå i Blåsjø vil ein med bruk av full pumpekapasitet og eit visst naturleg tilsig, vil ein ved samanhengande pumping i to døgn anslagsvis kunne heve vasstanden i Blåsjø med 50-70 cm. Ved samanhengane pumping i 4 døgn vil ein kunne få ein vasstandsheving på 1-1.8 m, mens den vil bli på heile 5-7 m ved samanhengande pumping i 10 døgn.

Statkraft understrekar at modellane og simulere er usikre og vil endre seg med endringane i kraftmarknaden.



For å oppsummere den framtidige situasjonen, vil det bli pumpa vatn til Blåsjø gjennom Saurdal kraftverk både med auka frekvens og i større omfang, samanlikna med det som har vore situasjon fram til i dag. Dette vil skje uavhengig av om pumpekapasiteten blir auka. Dersom pumpekapasiteten blir fordobla vil det bli pumpa for fullt i 8-10 døgn pr vinter, noko som saman med auka naturleg tilsig vil medføre at ein får ein vasstandsauke i Blåsjø på over 25 cm 8-10 dagar kvar vinter.

Vurdering

Samla belastning

Den samla belastninga på Setesdal Ryfylke villreinområde alt i dag svært høg. Dette gjeld særleg inngrep frå tidlegare kraftutbygging. Alle kraftmagasina i villreinområde har demt ned mange viktige trekkveggar slik at ulike funksjonsområde er utilgjengeleg for villreinen gjennom barmarkssesongen. Dette har resultert i at villreinstamma er delt i to ved Blåsjø og at store beiteområde i vest nesten ikkje blir brukt. I tillegg skapar ferdsel på og ut frå dei mange anleggsvegane forstyrning heilt inn i dei sentrale delane av villreinområde.

I klassifiseringa etter kvalitetsnormen fekk villreinområde derfor status som «ikkje godkjent» og villreinstamma har slitt med tilveksten dei siste åra.

Om dei store høgfjellsmagasina nå skal utnyttast i samband med pumpekraftverk er det ein risiko for at dei også vil utgjere trekkbarrierar om vinteren. Dette vil i så fall forverre ein allereie vanskeleg situasjon for villreinen og kunne ha katastrofale følgjer for villreinstamma.

Det er konkrete planar om pumpekraftverk som påverkar fleire av dei store høgfjellsmagasina. Lyse Kraft har sendt konsesjonssøknad for Røldal Suldal kraftverk som påverkar Holmavatnet og Votna. Statkraft Energi har nå søkt om vurdering av konsesjonsplikt for auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk som påverkar Blåsjø. Otra Kraft planlegg eit nytt pumpekraftverk som vil påverke Botsvatn og Store Urevatn. Mens Sira Kvina har planar om utvida pumping mellom Valevatn og Svartevassmagasinet, samt eit nytt pumpekraftverk som vil påverke Øyarvatnet og Rosskreppfjorden. Av desse høgfjellsmagasina har særleg isen på Holmavatnet, Blåsjø, Store Urevatn og Rosskreppfjorden ein omfattande bruk av villreinen.

Sett i lys av den store samla belastninga, og at det er planlagt fleire nye pumpekraftverk sentralt i villreinområde, blir det heilt nødvendig å få på plass sikker kunnskap om både korleis isen på høgfjellsmagasina blir påverka av pumpekraftverk og korleis dette verker inn på villreinens bruk av isen. Det må være ein svært høg terskel for å tillate tiltak som gjer den vanskelege situasjonen for villreinen ennå verre. Og før nødvendig kunnskap er på plass, må det ikkje opnast opp for tiltak som potensielt kan forverre tilhøva for villreinen i Setesdal Ryfylke villreinområde.

Aktuelle kunnskapsbehov

Sjølv om Statkraft har framskaffa solid tilleggsdokumentasjon for pumpeaktivitet og vasstandsendingar i Blåsjø for perioden 1986-2025, og simuleringar av forventa pumpeaktivitet og vasstandsendingar i tida framover, er det framleis stor usikkerheit og store manglar ved kunnskapsgrunnlaget.



Særleg manglar det mykje kunnskap om korleis dei forventa vasstandsendringane vil påverke isen på Blåsjømagasinet. Særleg viktig vil det være å få dokumentert når vasstandsheving vil medføre opne råker og vedvarande svak i langs land, og om det vil bli meir overvatn på isen. Når denne kunnskapen er på plass må det gjerast analysar av korleis villreinens bruk av isen blir påverka. Det må og gjerast analysar av kva for konsekvensar ein eventuelt redusert bruk av isen vil ha for villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde.

Heilt konkret vil ein foreslå desse utgreiingane for å avbøte dei store manglane i kunnskapsgrunnlaget:

- Ei analyse av GPS-data frå villreinen sin bruk av isen fram til i dag, sett opp mot den vasstandsvariasjonen som har vore.
Særleg relevante spørsmål vil være:
 - I kva grad er Blåsjø eit vandringshinder i dag?
 - Kvifor sluttar villreinen å nytte isen på Blåsjø etter at vasstandsnivået begynner å auke på vårparten?
Dette skjer til tross for at det ennå ligg «trygg» is i om lag 2 månadar. Skuldast dette forhold med isen eller er dette eit resultat av naturlege endringar av dyras områdebruk.
 - I kva for grad skil dyras bruk av isen på Blåsjø seg frå bruken av isen av andre vatn i område?
Samanlikning med det uregulerte Holmavatnet (1172 moh) og det regulerte Store Urevatn (1175 moh) er særleg relevant
- Ei grundig vurdering av korleis vil dei forventa vasstandsendringane påverke isen på Blåsjømagasinet?
Særleg viktig vil det være å få dokumentert om vasstandsheving vil medføre opne råker og vedvarande svak i langs land eller auka førekomst av overvatn. Etter det ein kjennar til gjennomfører SINTEF liknande undersøkingar av isforholda i Holmavatnet i Røldal-Suldal på oppdrag frå Lyse Kraft. Om desse undersøkingane gir anvendbare resultat bør tilsvarande metodikk brukast for Blåsjø
- Ei grundig vurdering av villreinen sin framtidige bruk av isen på Blåsjø ved desse tilhøva:
 - pumpekapasitet som i dag, men med endra bruksmønster grunna større tilsig og endring i energimarknaden
 - dobbel pumpekapasitet, med forventa bruksmønster grunna større tilsig og endring i energimarknaden
- Ei grundig vurdering av kva for konsekvensar svakare is og redusert trekkaktivitet vil ha for villreinstamma i Setesdal Ryfylke villreinområde